

## **Handsaming i Kommunestyre - 16.12.2021**

### **Forslag frå SP/MDG v/ Beate Marie Dahl Eide (SP):**

#### 1) Alternativ til punkt 7 og 8 - Flatdal oppvekstsenter - barnehagetilbod

Kommunestyret ber rådmannen legge til rette for at alle born som soknar til Flatdal oppvekstsenter skulekrins skal få tilbod om barnehageplass i Flatdal barnehage når prosjektet Nye Flatdal skule er ferdigstilt. Dette inkluderer 1-åringane som per i dag ikkje har eit tilbod i Flatdal barnehage. Det skal leggest til rette for tilgang på tilstrekkeleg areal, til dømes ved å leige areal i samfunnshuset når skulen får samla alle elevar under eit tak og arealet på samfunnshuset blir frigjort.

#### 2) Nytt punkt: Evaluering av endringsprosessen i Seljord kommune

Kommunestyret ber rådmannen snarast gjennomføre ei evaluering av den organisatoriske endringsprosessen som er gjennomført i Seljord kommune, og leggje fram ei sak for kommunestyret. Tilsette, tillitsvalgte og brukarar av dei ulike tenestene må høyrast som ein del av evalueringa.

#### 3) Sjukelønn

Side 25 i budsjettdokumentet:

Stryk avsnitt 3 på ansvar 110 om budsjettering av inntekter på sjukepengar.

#### 4) Nytt punkt: Fråvær og vikarbruk

Kommunestyret ber om at administrasjonsutvalet får framlagt ei sak om sjukefråvær, anna type fråvær og vikarbruk i dei ulike einingane.

#### 5) Forslag til talldel frå SP/MDG

<b>Budsjettskjema 1A - Driftsskjema</b>				
	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
<b>Auka inntekter</b>				
Utbyte VTK	1,330,000 kr	0 kr	0 kr	0 kr
Sal av konsesjonskraft	874,000 kr	0 kr	0 kr	0 kr
<b>Reduserte inntekter</b>				
Redusert innføring av elgedomsskatt	0 kr	0 kr	1,500,000 kr	1,500,000 kr
Reduksjon elgedomsskatt kraftverk	1,030,000 kr	0 kr	0 kr	0 kr
Bortfall PHT-prosjekttilskot 01.04.23	0 kr	611,250 kr	815,000 kr	815,000 kr
Inntekter sjukepengar	750,000 kr	750,000 kr	750,000 kr	750,000 kr
<b>Netto endring inntekt</b>	<b>424,000 kr</b>	<b>-1,361,250 kr</b>	<b>-3,065,000 kr</b>	<b>-3,065,000 kr</b>
<b>Investeringsbudsjettet</b>				
Endring linje 3 "Flatdal skule" til "Skuleinvesteringar" (eks. moms)	0 kr	0 kr	16,000,000 kr	0 kr
"Leige til eige" - utvide ordninga	5,000,000 kr	5,000,000 kr	5,000,000 kr	5,000,000 kr
Startlån frå Husbanken - auka bruk	1,000,000 kr	4,000,000 kr	4,000,000 kr	4,000,000 kr
<b>Finanskostnader (investeringar)</b>				
Finanskostnader skuleoppgradering	0 kr	0 kr	700,000 kr	700,000 kr
<b>Reduksjon i driftsutgifter</b>				
<b>PO2</b>				
Sette Velferdsutvalget på pause	100,000 kr	100,000 kr	100,000 kr	100,000 kr
Reduksjon Skule og oppvekst	350,000 kr	350,000 kr	350,000 kr	350,000 kr
<b>PO3 Helse og omsorg</b>				
Tilpassing av rammer PHT - Helseenteret	0 kr	611,250 kr	815,000 kr	815,000 kr
Kutt kjøp av sjukeheimsplassar andre kommunar	300,000 kr	300,000 kr	300,000 kr	300,000 kr
<b>PO4 Samfunnsutvikling og drift</b>				
Realisering av innsparing "nye Heddell"	200,000 kr	300,000 kr	300,000 kr	300,000 kr
Lokaler Hjelpemiddelsentralen	100,000 kr	100,000 kr	100,000 kr	100,000 kr
Reduksjon rammer PO 4	0 kr	200,000 kr	200,000 kr	200,000 kr
<b>SUM</b>	<b>1,050,000 kr</b>	<b>1,961,250 kr</b>	<b>2,165,000 kr</b>	<b>2,165,000 kr</b>
<b>Auka rammer/utgifter</b>				
<b>Programområde 2</b>				
Sommarskolen i Seljord	150,000 kr	150,000 kr	150,000 kr	150,000 kr
<b>Programområde 3</b>				
Innføre vaken nattevakt (Nestunet)	0 kr	623,823 kr	623,823 kr	623,823 kr
Innføre vaken nattevakt (Steinmoen + Tilrettelagte tenester)	0 kr	0 kr	1,039,134 kr	1,039,134 kr
Korrigert kostnad 1 legehelmel + 100% sjukepleiar	361,785 kr	425,610 kr	466,610 kr	466,610 kr
Overliggerdøgn sjukehus	75,000 kr	75,000 kr	75,000 kr	75,000 kr
<b>Programområde 4</b>				
Sommarjobb for ungdom (inkl. drift av Sommarskolen)	200,000 kr	200,000 kr	200,000 kr	200,000 kr
<b>SUM AUKA UTGIFTER</b>	<b>786,785 kr</b>	<b>1,474,433 kr</b>	<b>3,254,567 kr</b>	<b>3,254,567 kr</b>
<hr/>				
	<b>Meir/mindre</b>	<b>Rådmannen sitt framlegg</b>	<b>Total</b>	
Bruk av disposisjonsfond 2022	687,215 kr	262,281 kr	949,496 kr	
Bruk av disposisjonsfond 2023	-874,433 kr	-148,747 kr	-1,023,180 kr	
Bruk av disposisjonsfond 2024	-4,854,567 kr	360,104 kr	-4,494,463 kr	
Bruk av disposisjonsfond 2025	-4,854,567 kr	3,176,878 kr	-1,677,689 kr	
<b>SUM Bruk av disp.fond</b>	<b>-9,896,352 kr</b>			
<b>STØRRELSE DISPOSISJONSFOND</b>				
Rådmannens budsjettframlegg 31.12.2025	11,987,516 kr			
Disp.fond 31.12.2025 SP/MDG-forslag	2,091,164.00			

## Forslag til talldel frå H/FRP/AP/Uavhengig v/ Edvard Mæland (H)

<b>Meirinntekt:</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Rammetilskot		1 000 000	1 000 000	1 000 000
Inntekt og formueskatt	1 000 000	1 000 000	1 500 000	1 500 000
Konsesjonskraft	1 500 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Utbytte VTK	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
<b>Sum meirinntekt:</b>	<b>3 500 000</b>	<b>6 000 000</b>	<b>6 500 000</b>	<b>6 500 000</b>
<b>Mindre utgifter:</b>				
Digitalisering/ interkom.samarb.	500 000	1 000 000	1 500 000	1 500 000
Klagenemnd eigedomsskatt	100 000			
Velferdsutvalet	150 000	150 000	150 000	150 000
Mindreforbruk PO1	250 000	500 000	500 000	500 000
Mindreforbruk PO2	500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Mindreforbruk PO3				
Mindreforbruk PO4	250 000	500 000	500 000	500 000
<b>Sum mindre utgifter</b>	<b>1 750 000</b>	<b>3 150 000</b>	<b>3 650 000</b>	<b>3 650 000</b>
<b>Sum meirinntekt/mindreutgift</b>	<b>5 250 000</b>	<b>9 150 000</b>	<b>10 150 000</b>	<b>10 150 000</b>
<b>Mindre inntekter:</b>				
Eigedomsskatt	5 500 000	8 500 000	10 000 000	10 000 000
<b>Sum mindre inntekter</b>	<b>5 500 000</b>	<b>8 500 000</b>	<b>10 000 000</b>	<b>10 000 000</b>
<b>Meir utgifter:</b>				
Sommarskule	150 000	150 000	150 000	150 000
<b>Sum mindre utgifter</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>
<b>Sum meirutgifter/mindreinntekt</b>	<b>5 650 000</b>	<b>8 650 000</b>	<b>10 150 000</b>	<b>10 150 000</b>
Rådmannens innstilling	436 639	-491 484	89 367	3 037 141
<b>Endra budsjettbalanse</b>	<b>-400 000</b>	<b>500 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Finanskostnad skule</b>		<b>-700 000</b>	<b>-850 000</b>	<b>-1 050 000</b>
<b>VTK lån</b>		<b>700 000</b>	<b>700 000</b>	<b>700 000</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>36 639</b>	<b>8 516</b>	<b>-60 633</b>	<b>2 687 141</b>
<b>Disposisjonsfond pr. 31.12 ( IB 9 537 000,-)</b>	<b>9 573 639</b>	<b>9 582 155</b>	<b>9 521 522</b>	<b>12 208 663</b>

### Investeringsbudsjettet

Startlån frå Husbanken - auka bruk	1 000 000		
Flatdal skule ekskl. mva.	10 000 000	10 000 000	
Seljord skule		5 000 000	5 000 000

Skuleinvesteringa erstattar Rådmannens framlegg på Flatdal skule

## Verbalforslag frå H/AP/FRP v/ Carina Thorvaldsen

### 1) Boligosiale føremål - tomannsbolig i Flatdal

Opposisjonen har tidlegare etterlyst ein heilhetleg plan knytt til kommunens boligmasse. Med bakgrunn i at det ikkje er utarbeidd ein heilhetleg plan kring kommunens boligar ber me om at saka knytt til tomannsbolig i Flatdal blir sett på vent. Saka er mangelfull då det ikkje ligg føre kva for utgifter ein kan vente seg ved busetting av flyktingar i Flatdal, knytt til mellom ana transport. Om det ikkje skulle verte busetting av flyktingar, men av andre grupper vil trykket på kommunale boligar i sundbøhaugfeltet kunne bli stort. Opposisjonen ber altså om at det vert utarbeidd ein heilhetleg plan over kommunens boligmasse. Fram til dette blir lagt fram for kommunestyret vert saka sett på vent.

### 2) Vidare busetting av flyktingar

Om Seljord kommune skal halde fram med å ta i mot flyktingar skal vaksne flyktingar prioriterast. Dette grunna utfordringane skulen opplever med ein stor andel born med ana morsmål enn norsk. Det må unngås at skulen blir meir overbelasta enn den allereie er.

### 3) Interkommunale samarbeid/effektivisering

Vi ynskjer at det settast i gang eit arbeid med å realisere eit felles dokumentsenter med nabokommunane. I tillegg ynskjer vi at ein får på plass ein digital løysing knytt til timelister innanfor po2 så raskt som mogleg, då dette vil frigjere mykje tid for enkelte.

## **Forslag frå Edvard Mæland (H):**

Alternativ til formannskapet si tilråding:

### Punkt 1

Kommunestyret vedtek budsjett 2022 og økonomiplan/handlingsprogram 2022- 2025 slik det kjem fram ved avstemminga i kommunestyret.

### Punkt 3

A For eigedomsskatteåret 2022 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglende for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.

B For eigedomsskatteåret 2022 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 vere lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom.

C For eigedomsskatteåret 2022 skal det vidare skrivast ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.

D Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2022 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

E Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.

### Tilleggspunkt til formannskapet si tilråding (nytt punkt 7)

Punkt 4 og 5 oppdateras i tråd med vedtak i kommunestyret.

## **Avrøysting:**

### **Punkt 1**

Forslaget frå Mæland (H) vart samrøystes vedteke.

### **Punkt 2**

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

### **Punkt 3**

Forslaget frå Mæland (H) vart vedteke med 11 (H, AP, FRP, uavhengig, 2 SP (Ekre, Gundersen) mot 6 (4 SP (Dahl Eide, Aasan, Dyrlund, Haugland), MDG) stemmer.

### **Punkt 4, 5 og 6**

Samrøystes vedteke.

### **Nytt punkt 7**

Samrøystes vedteke.

### **Punkt 7**

Fekk 0 stemmer og fall.

### **Punkt 8**

Fekk 0 stemmer og fall.

### **Forslag 1 frå Dahl Eide (SP) - alternativt forslag til punkt 7 og 8:**

Fekk 8 stemmer (SP, MDG) og fall.

### **Punkt 9 Sommarskulen i Seljord, unntatt setninga om «Sommarjobb for ungdom».**

Samrøystes vedteke.

### **Punkt 9 Sommarskulen i Seljord – setninga om «Sommarjobb for ungdom».**

Tilrådinga fekk 8 stemmer (SP, MDG) og fall.

### **Punkt 10 Velferdsutvalet.**

Samrøystes vedteke.

### **Punkt 11 Busetting av flyktingar**

Tilrådinga fekk 8 stemmer (SP, MDG) og fall.

### **Punkt 12 Produksjonskjøkkenet og matfagleg kompetanse i Seljord kommune**

Samrøystes vedteke.

### **Forslag frå Dahl Eide (SP):**

Forslag 2 - Evaluering av endringsprosessen i Seljord kommune:

Samrøystes vedteke.

Forslag 3 - Sjukelønn

Fekk 8 stemmer (SP, MDG) og fall.

Forslag 4 - Fråvær og vikarbruk

Fekk 8 stemmer (SP, MDG) og fall.

### **Forslag frå Thorvaldsen (FRP) :**

Forslag 1: Boligosiale føremål - tomannsbolig i Flatdal

Fekk 9 stemmer (H, AP, FRP og Uavhengig) og vart vedteke.

## Forslag 2: Vidare busetting av flyktingar

Fekk 9 stemmer (H, AP, FRP og Uavhengig) og vart vedteke.

## Forslag 3: Interkommunale samarbeid/effektivisering

Fekk 10 stemmer (H, AP, FRP, Uavhengig og 1 SP (Ekre) og vart vedteke.

### **Talldelen:**

Formannskapet si tilråding fekk 0 stemmer og fall.

Forslaget frå H/AP/FRP/uavhengig vart vedteke med 11 (H, AP, FRP, Uavhengig, 2 SP (Ekre, Gundersen) mot 6 (4 SP (Dahl Eide, Aasan, Dyrland, Haugland), MDG) stemmer.

### **Vedtak i Kommunestyre - 16.12.2021**

1. Kommunestyret vedtek budsjett 2022 og økonomiplan/handlingsprogram 2022- 2025 slik det kjem fram ved avstemminga i kommunestyret.

2. Det kommunale skatteøyret vert fastsett til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.

3. A For eigedomsskatteåret 2022 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglande for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.

B For eigedomsskatteåret 2022 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 vere lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom.

C For eigedomsskatteåret 2022 skal det vidare skrivast ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.

D Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2022 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

E Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.

4. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «Bevilgningsoversyn investering» og «Investeringar i varige driftsmidlar». Sum investeringsutgifter i 2022 er kr 48.112.000 Opptak av lån i 2022 er kr 27.617.000. I tillegg kjem kr 1.000.000 i Startlån til vidare utlån.

5. Driftsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «Bevilgningsoversyn drift, del A og B». «Sum bevilgningar drift, netto» er i 2022 kr 218.638.484, som er vedteke fordelt på programområder, einingar, ansvar og del av ansvar, slik det går fram av «Bevilgningsoversyn drift del B».

6. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VARF-området vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100% dekningsgrad. Andre kommunale prisar og gebyrsatsar blir vedtekne slik det går fram av vedlegget «Oversyn over betalingssatsar for kommunale tenester 2022».

7 . Punkt 4 og 5 oppdateres i tråd med vedtak i kommunestyret.

### 8. Sommarskulen i Seljord

Seljord kommunestyre ynskjer å gjere Sommarskulen i Seljord til ei permanent ordning, og ber rådmannen arbeide fram eit forslag til gjennomføring av dette for 2022 og i åra frametter.

Seljord kommunestyre løyver 150 000 kroner årleg til gjennomføring av Sommarskulen i Seljord 2022-2025.

Seljord kommunestyre ber rådmannen nytte relevante søknadsordningar til å søkje ekstra, og om mogleg fullfinansiering, av Sommarskulen.

9. Velferdsutvalet vert lagt ned for resten av kommunestyreperioden 2019-2023. Utvalsstruktur for neste kommunestyreperiode (2023-2027) blir teke stilling til på eit seinare tidspunkt.

10. Produksjonskjøkkenet og matfagleg kompetanse i Seljord kommune

Rådmannen vert beden om å gjennomgå organiseringa av produksjonskjøkkenet og øvrige stillingar i kommunen knytt til mattilbereding o.l., og leggje til rette for ei meir heilskapleg utnytting av kompetansen og ressursane i organisasjonen. Ein ber særskilt om at det vert sett på mogelegheita for å nytte noko av dei matfaglege ressursane kommunen har i eigen organisasjon inn i barnehagane.

Evaluering av endringsprosessen i Seljord kommune

Kommunestyret ber rådmannen snarast gjennomføre ei evaluering av den organisatoriske endringsprosessen som er gjennomført i Seljord kommune, og leggje fram ei sak for kommunestyret. Tilsette, tillitsvalgte og brukarar av dei ulike tenestene må høyrast som ein del av evalueringa.

Boligosiale føremål - tomannsbolig i Flatdal

Opposisjonen har tidlegare etterlyst ein heilhetleg plan knytt til kommunens boligmasse. Med bakgrunn i at det ikkje er utarbeidd ein heilhetleg plan kring kommunens boligar ber me om at saka knytt til tomannsbolig i Flatdal blir sett på vent. Saka er mangelfull då det ikkje ligg føre kva for utgifter ein kan vente seg ved busetting av flyktningar i Flatdal, knytt til mellom ana transport. Om det ikkje skulle verte busetting av flyktningar, men av andre grupper vil trykket på kommunale boligar i sundbøhaugfeltet kunne bli stort. Opposisjonen ber altså om at det vert utarbeidd ein heilhetleg plan over kommunens boligmasse. Fram til dette blir lagt fram for kommunestyret vert saka sett på vent.

Vidare busetting av flyktningar

Om Seljord kommune skal halde fram med å ta i mot flyktningar skal vaksne flyktningar prioriterast. Dette grunna utfordringane skulen opplever med ein stor andel born med ana morsmål enn norsk. Det må unngås at skulen blir meir overbelasta enn den allereie er.

Interkommunale samarbeid/effektivisering

Vi ynskjer at det settast i gang eit arbeid med å realisere eit felles dokumentsenter med nabokommunane. I tillegg ynskjer vi at ein får på plass ein digital løysing knytt til timelister innanfor po2 så raskt som mogleg, då dette vil frigjere mykje tid for enkelte.

Taldel:

<b>Meirinntekt:</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Rammetilskot		1 000 000	1 000 000	1 000 000
Inntekt og formueskatt	1 000 000	1 000 000	1 500 000	1 500 000
Konsesjonskraft	1 500 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Utbytte VTK	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
<b>Sum meirinntekt:</b>	<b>3 500 000</b>	<b>6 000 000</b>	<b>6 500 000</b>	<b>6 500 000</b>
<b>Mindre utgifter:</b>				
Digitalisering/ interkom.samarb.	500 000	1 000 000	1 500 000	1 500 000
Klagenemnd eigedomsskatt	100 000			
Velferdsutvalet	150 000	150 000	150 000	150 000
Mindreforbruk PO1	250 000	500 000	500 000	500 000
Mindreforbruk PO2	500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Mindreforbruk PO3				
Mindreforbruk PO4	250 000	500 000	500 000	500 000
<b>Sum mindre utgifter</b>	<b>1 750 000</b>	<b>3 150 000</b>	<b>3 650 000</b>	<b>3 650 000</b>
<b>Sum meirinntekt/mindreutgift</b>	<b>5 250 000</b>	<b>9 150 000</b>	<b>10 150 000</b>	<b>10 150 000</b>
<b>Mindre inntekter:</b>				
Eigedomsskatt	5 500 000	8 500 000	10 000 000	10 000 000
<b>Sum mindre inntekter</b>	<b>5 500 000</b>	<b>8 500 000</b>	<b>10 000 000</b>	<b>10 000 000</b>
<b>Meir utgifter:</b>				
Sommarskule	150 000	150 000	150 000	150 000
<b>Sum mindre utgifter</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>
<b>Sum meirutgifter/mindreinntekt</b>	<b>5 650 000</b>	<b>8 650 000</b>	<b>10 150 000</b>	<b>10 150 000</b>
Rådmannens innstilling	436 639	-491 484	89 367	3 037 141
<b>Endra budsjettbalanse</b>	<b>-400 000</b>	<b>500 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Finanskostnad skule</b>		<b>-700 000</b>	<b>-850 000</b>	<b>-1 050 000</b>
<b>VTK lån</b>		<b>700 000</b>	<b>700 000</b>	<b>700 000</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>36 639</b>	<b>8 516</b>	<b>-60 633</b>	<b>2 687 141</b>
<b>Disposisjonsfond pr. 31.12 ( IB 9 537 000,-)</b>	<b>9 573 639</b>	<b>9 582 155</b>	<b>9 521 522</b>	<b>12 208 663</b>

### Investeringsbudsjettet

Startlån frå Husbanken - auka bruk	1 000 000		
Flatdal skule ekskl. mva.	10 000 000	10 000 000	
Seljord skule		5 000 000	5 000 000

Skuleinvesteringa erstattar Rådmannens framlegg på Flatdal skule